




**SKAPARGLEDE**



# Næringslivet og kommunereforma

## Spørreundersøking i Sykkylven kommune

Eit samarbeidsprosjekt mellom Sykkylven Næringsutvikling og Sykkylven kommune  
Desember 2015



## Spørreundersøking retta mot næringslivet med tema kommunereform.

Følgjande spørsmål vart stillt?

1. Vil samanslåing bety noko for di bedrift?
2. Dersom ja, kva?
3. Dersom samanslåing – kva alternativ vil vere best for di bedrift?
4. Andre viktige tilhøve for næringslivet der samanslåing vil ha effekt?
5. Korleis vil 0-alternativet (Sykkylven åleine) påverke di bedrift?

Undersøkinga vart sendt vi e-post til ca 100 leiarar i 50 Sykkylvs-bedrifter tidleg i desember 2015.

Svarprosenten var låg. Berre 12 personar svarte. Bedriftene desse representerer svarar likevel for over 50% av dei tilsette i næringslivet i kommunen.

Svært låg svarprosent gjer det vanskeleg å vurdere representativiteten. Det kan vere eit utslag av at kommuneorganisering ikkje er viktig for næringslivet, men det kan også vere knytt til alle usikre sidene som ligg i reforma. Kva skjer med arbeidsgivaravgifta? Andre distriktsretta verkemiddel? Eigedomsskatten? Kommuneøkonomien?

Det er uråd å vite dette. Frå tidlegare verkstadsamling for næringslivet har vi nokre sentrale moment for framtidig vekst og utvikling, slik næringslivet sjølv såg det:



*(Resultat verkstadmøte for næringslivet, 3.mars 2015)*

I spørreundersøkinga går fleire moment att: Kommunikasjon, rammevilkår, attraktivitet med tanke på rekruttering, effektiv tenesteproduksjon mm.

Svara gir ikkje klare signal om kva som vil vere beste løysinga for bedriftene våre.

## Oppsummering spørsmål

### Spørsmål 1. Vil samanslåing bety noko for di bedrift?

6 personar svarar ja, 5 nei, 1 veit ikkje.

### Spørsmål 2. Dersom ja, kva?

Nytenking, nye moglegheiter, større heimebane.

Effektivitet på tenester, lokaldemokrati og byråkrati.

Kan gi vår bedrift eit større fagmiljø.

Fryktar utkant, og nedprioritert i Ålesundsmodellen. Stranda og Sykkylven er meir like, og har felles fokus på industri og næringsutvikling. Kva skjer med arbeidsgivaravgifta?

Positivt med samanslåing om det kan føre til redusert arbeidsgivaravgift for Sykkylven.

Betre kommunikasjon.

Større kommune vil kunne levere meir omfasttande og profesjonelle tenester til næringslivet.

### Spørsmål 3. Dersom samanslåing – kva alternativ vil vere best for di bedrift?

Ingen av alternativa har direkte påverknad.

Stranda truleg best. To jamstore aktørar. Utfyllande bedriftskulturar, og moglegheit for felles sasting.

Stranda vil oppretthalde flest arbeidsplassar i Sykkylven.

Val av kommunepartner er ikkje veldig viktig. Kanskje lettare/raskare sakshandsaming med dagens struktur enn i ein stor kommune. Stranda-alternativet vil krevje tunnel Hole-Engeset.

Samanslåing med Stranda vil gi mest effektivt tenestetilbod og best lokaldemokrati.

Samanslåing har ingen effekt på vår bedrift.

Nærhet til NTNU-Høgskulemiljøet i Ålesund er viktig. Større fagmiljø for bedriftsledere i Ålesund.

Stranda og Sykkylven har mest samanfallande problemstillingar. Opnar moglegheit for omstillingsmidlar og distriktsretta tilskotsordningar.

Moglegheit for lågare arbeidsgivaravgift saman med Stranda.

Regionkommune, gir best styrking av kommunikasjon.

Indre Storfjord – lik næringsstruktur. Felles løft.

Regionkommune – men mindre enn 10-12 kommunar?

**Spørsmål 4. Andre viktige tilhøve for næringslivet der samanslåing vil ha effekt?**

Spare ein kommuneadm. Lågare arbeidsgivaravgift? Tunnel Hole-Engeset.

Lågare arbeidsgivaravgift?

Betra tenestetilbod, positivt for rekruttering.

På sikt betre kommuneøkonomi som kan gi betre skatte/avgiftspolitik. Betre tenester kan styrke rekruttering.

Større slagkraft mot tilskotsordningar.

Endra kontaktpunkt til kommunen ved flytting av administrasjon.

Arbeidsgivaravgift?

Større slagkraft overfor offentlege organ.

Små kommunar vil på sikt slite med å kunne tilby gode nok kompetansemiljø for å levere dei tenestene innbyggjarar og næringsliv treng.

**Spørsmål 5. Korleis vil 0-alternativet (Sykkylven åleine) påverke di bedrift?**

Vi driv som før.

Driv som før.

Trur rammevilkåra vil vere relativt uendra i forhold til dagens situasjon.

I liten grad.

Kan på sikt gi dårlegare kommuneøkonomi og derav dårlegare tenestetilbod og effektivitet.

Ingen påverknad.

Framtidig usikkerhet for investering av kapital i Sykkylven.

Vil kunne styrke samhaldet og motivere til «å klare oss åleine».

Positiv effekt kan vere samhald og tilhøyrrighet blant tilsette.

Usikker.

Ikkje særleg forskjell.

Ikkje nokon effekt på kort sikt. På lang sikt kan Sykkylven verte ansett som mindre attraktiv som arbeidsplass pga liten breidde og for få attraktive arbeidsplassar i kommunen.